

I dag er det ei heilt ny fane i 17. mai-toget – den har elevar vore med og laga



Heidal skule skal bruke ei heilt nye fane i årets 17. mai-tog. Foto: Ida Lindsø Tho

Av Ida Lindsø Tho

Publisert: 17.05.24 03:29

Del

Denne nasjonaldagen blir det brukt ei helt ny fane i 17. mai-toget i Heidal. Den er det elevar ved Heidal skule som har vore med og laga.

+ For abonnenter

Elevane i 6. klasse ved Heidal skule tykkjer det er viktig med tradisjonar på 17. mai, og på spørsmål om kva som er viktig for dei på 17. mai svarer dei raskt.

17. mai-toget. Venner og familie. Kaker og is.

Klassa, med foreldre, er ansvarlege for 17. mai-feiringa i Heidal og i år er elevane i kunstprosjektet «10 år ved Heidal skule» som går i 6. klasse. Og sidan dei er ansvarlege for 17. mai-feiringa i år, så har klassa og kunstnarane gjort dette til sitt hovudprosjekt dette året.



Klassa var i gang med siste innspurtt før 17. mai da Norddalen var innom. Foto: Ida Lindsø Tho

Dei har mellom anna laga ny fane som skulen skal bruke i 17. mai-toget.

På tur i bygda

I arbeidet med 17. mai har dei mellom anna jobba med kva som er viktig i bygda, og dei har i dette arbeidet vore på ein dagstur der dei besøkte ulike plassar i Heidal. På denne turen var det også tid til å teikne, og fleire av teikningane frå denne dagen er ein del av den nye fanen.

Elevane sine teikningar er nå brodert på fanen, og Heidalosten, skulen, ulike dyr, trær og Sjøa elv er blant det som er avbilda.



Fana som elevane og kunstnarane har laga.
Foto: Ida Lindsø Tho

Klassa skal også halde tale på nasjonaldagen, og i den forbindelse har dei jobba mykje med grunnlova. På spørsmål om dei kan si nokre stikkord om kva talen handlar om, nemner dei demokrati, Heidal, lekser, Noreg, miljø, menneskerettar og ei helsing til kongen.

På nasjonaldagen skal dei i tillegg ha sketsjar, vise ein musikkvideo, ha utstilling av måleri i kunsthallen. Dei har også har invitert nokre av bebuarane på Heidalstun til å vere med å køyre hest og vogn og veteranbil i 17. mai-toget.

Sosialt orientert

Nå er det kunstnarane Søsja Jørgensen og Geir Tore Holm som er med klassa.

Dei to kunstnarane er busett i Østfold og er aktive med prosjekt fleire plassar,

inkludert «10 år på Heidal skule». Dei jobbar både kvar for seg og i samarbeid – noko dei har gjort i 30 år.

Dei jobbar innan ei stort spekter av kunstformer, frå akvarell til film. Kunstverka deira tek ofte utgangspunkt i sosiale relasjonar, tradisjonar og kulturhistorie, menneskets forhold til naturen, og i kunsten som ein integrert del av livet.



Søsja Jørgensen og Geir Tore Holm. Foto: Ida Lindsø Tho

– Vi jobbar mykje med sosialt orienterte kunstprosjekt og er til dømes opptekne av lokalkultur, tradisjonar og kva folk er opptatt av. Dette har vi også jobba med her. Vi har lært om bygda gjennom elevane, fortel Jørgensen og Holm.

Både gjennom 17. mai-prosjektet og eit liknande prosjekt for Samanes nasjonaldag.

Les mer om: [Nyheter](#) [Sel](#) [Heidal](#) [17. mai](#) [10 år på Heidal skule](#)